



Selje IL

Styringsdokument

Rev 1 - 23.03.2022

Formål, målgruppe og heimel	2
Innleiing	2
Formål	2
Målgruppe	2
Heimel	2
Versjon	2
Organisasjon	3
Hovudstyre:	4
Driftsstyre:	4
Fotballgruppa:	5
Seljecup:	5
Barn og ungdom:	6
Mosjonsgruppa:	6
Saltrening:	6
Stiprosjekt:	6
Kontrollutval:	7
Valkomitè:	7
Innkjøp	7
Politiattest	7
Vedlegg	8
Årshjul	8
Rollebeskrivelsar/stillingsinstruksar	9

1. Formål, målgruppe og heimel

a. Innleiing

Dette dokumentet beskriv organisasjon, myndighet og rapportering av Selje IL. Selje IL er eit idrettslag basert på frivilleg organisasjon.

b. Formål

Formålet med dokumentet er å gje klare rammer og ansvarsområde for hovudstyre og dei einskilte undergrupper. Styringsdokumentet beskriv roller og ansvar slik at det skal vere eintydig styring av drifta.

c. Målgruppe

Målgruppa for styringsdokumentet er tillitsvalde og engasjerte i idrettslaget.

d. Heimel

Dette dokumentet er utarbeida med basis i vedtektene og eigd av hovudstyret.

e. Versjon


Versjon 1 - gyldig frå 23.03.2022

f. Endringshistorikk

Første utgåve

2. Organisasjon

Selje IL er organisert på følgende måte:



Beskriving av roller og ansvar i underliggende kapittel er ikkje uttømmende, men retnungsgjevnade for den einkilde eining sine ansvarsområder.

a. Hovudstyre:

Hovudstyre består av følgjande roller:

Leiar

Nestleiar

Økonomiansvarleg

Eventuelt øvrige styremedlemer

Hovudstyret sitt mandat er overordna drift av idrettslaget i det daglege. Hovudstyret er juridisk ansvarleg for forpliktelsar og ansvarleg representant som arbeidsgjevar for å tilsette. Alle underutval rapporterar til hovudstyre og gruppeleiarar kallast inn til styremøter ved behov.

Ansvarsområder:

- Planleggje og gjennomføre årsprogram
- Førebu budsjett og rekneskap til årsmøte
- Økonomisk forsvarleg drift
- Arbeidsgjevaransvar
- Fakturering
- Dagleg drift
- Politiattestansvarleg
- Førebu årsmøte
- Iverksetje årsmøtevedtak
- Samhandling med undergrupper
- Innkjøp utover delegerte budsjettrammer
- Arrangere styremøter etter behov
- Representere idrettslaget utad
- Redaksjonelt ansvar for web-sider og Facebook.
- Systemansvarleg for låssystem
- Innstilling til årsmøte for valkomité til neste års årsmøte.

b. Driftsstyre:

Gruppestyre er samansett av leiar og minimum 2 medlemer. Driftsstyret er ansvarleg for drift og forvaltning av stadionanlegg og eigedom. Organisering av driftsrelaterte oppgåver. Organisering av dugnadar etter behov. Sikring av materiell før vinter og klargjering av anlegg til sommarsesong.

Ansvarsområder:

- Drift og vedlikehald av baneanlegg
- Etablering og vedlikehald av drift- og vedlikehaldsprogram for anlegg og eigedom
- Stormsikring på hausten
- Klargjering av anlegg til våren
- Organisering av sommarvedlikehald av grøntareal
- Innkalling og organisering av dugnadar
- Innkjøp innanfor eige budsjett.

c. Fotballgruppa:

Gruppestyre er samansett av leiar og minimum 2 medlemmer

Fotballgruppa er ansvarleg for det sportslege arbeidet opp imot fotball. Herunder A-lag, aldersbestemt og dommar.

Fotballgruppa er tilknytt Norges Fotballforbund, Sogn og Fjordane krets.

Ansvarsområder:

- Drift av A-lag
- Sportsleg leiing fotball
- Oppgaveansvarleg for ansette og innleigde trenarressursar.
- Rekruttering til A-lag
- Rekruttering til aldersbestemte lag
- Fotballfaglege arrangement (Fotballskule, elite og liknande)
- Oppmelding av lag til seriespel og turneringar
- Ansvarleg for eigen støtteorganisasjon (trenarar, kontaktpersonar, drakter og liknande).
- Dagleg ansvar for sikring av laust materiell etter bruk i vinterhalvåret (t.d. sikring av mål etter bruk i tilfelle storm)
- Dommaropplæring og drift
- Rekruttering av dommarar
- Organisering av treningstider på bane og gymsal.
- Innmelding av treningstider i gymsal til Selje Skule
- Sponsorkontrakter
- Innkjøp innanfor eige budsjett.

Det einskilde lag er ansvarleg for å rydde og sikre bane og anlegg etter endt trening eller kamp. Dette for å unngå uønska hendingar i dårleg vær.

i. Seljecup:

Seljecupstyret har ansvar for organisering av Seljeup-arrangementet.

Ansvarsområder:

Sportsleg ansvarleg for Seljecup

- Invitasjon og påmelding
- Banefordeling
- Dommarfordeling
- Mottak
- Sekretariat
- Premiering

Arrangementsansvarleg for Seljecup

- Parkering/trafikk
- Stadionfasilitetar (telt, hoppeslott ++)
- Mat (matkomite og matsal)
- Overnatting (organisering og reinhald)

d. Barn og ungdom:

Gruppestyre er samansett av leiar og minimum 2 medlemer

Barn og ungdomsrappa er ansvarleg for aktivitetstilbod til born og ungdom, der aktiviteten ikkje sorterar under fotball.

Ansvarsområder:

- Støtteaktivitetar til fotballarrangement i samråd med fotballgruppa
- Arrangement for barn og ungdom i eigen regi (t.d. romjulskarusell)
- Innmelding av treningstider til fotballgruppa.
- Innkjøp innanfor eige budsjett.

e. Mosjonsgruppa:

Gruppestyre er samansett av leiar og minimum 2 medlemer

Mosjonsgruppa er ansvarleg for fjelltrimmen og andre mosjonsrelaterte aktivitetar.

Ansvarsområder:

- Drift av fjelltrim
- Merking av stiar
- Vedlikehald av stiar
- Drift av registreringssystem for fjelltrim
- Organisering av dugnadsarbeid på sti og fjelltrim
- Andre trimaktivitetar
- Innkjøp innanfor eige budsjett.

f. Saltrening:

Gruppestyre er samansett av leiar og minimum 2 medlemer

Saltreningsgruppa er ansvarleg for gruppetreningsaktivitetar i sal.

Ansvarsområder:

- Planlegging og gjennomføring av gruppetrening
- Drifte påmeldingssystem
- Innkjøp innanfor eige budsjett.

g. Stiprosjekt:

Gruppestyre er samansett av leiar og minimum 2 medlemer

Stiprosjektet er eit mellombels prosjekt som er ansvarleg for å drive fram stiprosjektet på Tarvaldseggja.

Ansvarsområder:

- Kontaktpunkt mot sponsorar
- Gjennomføringsansvarleg for prosjektet

- Organisering av dugnad på sti
- Spelemiddelsøkand og andre søknadar om midlar
- Kostnadsoppfølging og rapportering.

h. Kontrollutval:

Kontrollutvalet er samansett av leiar og 1 medlem.

Kontrollutvalet er vald av årsmøtet og skal kontrollere at styret utfører dei oppgåver dei er tillagt etter lov for Selje Idrettslag

Ansvarsområder:

- Føre revisjon med styrets arbeid og alle undergrupper.
- Utføre rekneskapsrevisjon
- Utarbeide rapport til årsmøte
- Gjennomgå alle framlegg til vedtak på årsmøte og fritt uttale om dei finn det naudsynt.
- Har mandat til å revidere ein kvar del av organisasjonen om dei finn det naudsynt.

i. Valkomitè:

Valkomitèen er samansett av leiar og minimum 2 medlemmer

Valkomitèen innstiller kandidatar (leiar, øvrige medlemmer og varamedlemmer) til hovudstyre, kontrollutval og gruppestyrer til årsmøte.

3. Innkjøp

Det enkelte underutval kan forplikte idrettslaget til kostnadar innanfor eige ansvarsområde og budsjett.

Kostnadar utover tildelte budsjett skal godkjennast av hovudstyre.

4. Politiattest


Hovudstyre er ansvarleg for å etablere eit system og følgje opp at Selje II etterlever lovkrava om politiattest.

Hovudstyre vel politiattestansvarlg og personleg vara.

Proessen følgjer Idrettsforbundets prosess.

5. Vedlegg

a. Årshjul



b. Rollebeskrivelsar/stillingsinstruksar

Vil bli utarbeida